

Ung Ulsteinjente startar eige bokforlag

Anette Sivertstøl frå Skeide i Ulstein har starta eige bokforlag.

I juni 2009 grunnla Anette Sivertstøl (19) bokforlaget; Panthera Publishing AS. Denne veka er den første boka komen ut på marknaden.

Anna Ragnhild Lynge
redaksjon@vikebladet.no

Midt i sentrum i Sundts gate i Bergen finn vi Anette på kontoret sitt. Her trivst ho i lyse omgjevnadar i det rommelege kontoret med utsikt utover byen.

Anette har vakse opp på Skeide i Ulsteinvik og har tidleagre vore frilansjournalist for Sunnmørsposten. Ho er lidenskapleg oppteken av litteratur og bøker og skriv litt på sida sjølv.

Vil oppmuntre unge, kvinnelege gründerar

Lenge, ja i over to år har Anette gått med desse draumane og idéane på innsida. Då ho flytte til Bergen for å gå tredje året på vidaregåande, tenkte ho at det var på tide å satse fullt ut med planane.

- Sidan eg er ung, er det også viktig at eg framstiller meg som hundre prosent seriøs og valde difor å starte eit aksjeselskap, påpeikar Anette.

Den unge jenta byrja tidleg å spare pengar til dette prosjektet, ein må ha 100 000 i eigenkapital for å starte opp eit AS.

Ho seier bestemt at ho vil oppmuntre fleire unge, kvinnelege gründerar til å satse.

- Eg har fått masse positive reaskjonar og tilbakemeldingar, smiler Anette.

Ho legg til at folk har understreka at det er når ein er ung ein har energien til slike tiltak.

- Det har gitt meg sjølvtilitt og inspirasjon til å arbeide hardare, slår Anette fast.

Formålet med bokforlaget er å oppdage nye, unge talent. Målgruppa blant lesarane er mellom 17 og 25 år og forfattarane er opp til 23 år gamle.

Lang prosess har gått fort



Anette framhevar at det er viktig at ein brenn for det ein driv med.

- Ein må ha ein lidenskap for det ein startar opp med, konkluderer Anette.

Ho forklarar at sjølv om lanseringa av boka har vore ein lang prosess, så har det vore så kjekt at ho har ikkje merka at tida har gått.

Ho har ingen tilsette i bokforlaget men har ein eigen internetdesignar på 22 år, som leverer til forlaget. Han driv firmaet molecule.

Ung kvinneleg forfattar

Anette fortel at forfattaren til den nytutjevne boka er berre 19 år gamal. Ho fann denne spenningsforteljinga på internet og tok umiddelbart kontakt med skrivetalentet frå Drammen.

- Eg inviterte henne til Bergen og snart var planane i gang, forklarar Anette.

Kristine Oseth Gustavsen tek lesarane med seg inn i framtida i spenningsromanen: "I dypet av en ruin". Her har konsekvensane av klimaendring teke overhand. I det øydelagte miljøet, dukkar det opp ei farleg sekt.

Meir vil ikkje Anette røpe frå det spennande innhaldet i den første boka. Det er ungdomsbøker Panthera Publishing vil satse på.

Dei vidare planane er også internasjonale. Anette nemner Skandinavia, men vil ikkje gå noko nærare i detaljar om dette enno.

Biletet på framsida er laga av ei ung jente frå Ålersund.

- Eg vil ha inn ung arbeidskraft, poengterer Anette.

Jobbar med nytt prosjekt

Sjølv om forlagssjefen no kan senke skuldrane, har ho allereie fått inn fleire forslag til si neste bok.

- Det vippar mellom to val akkurat no, presiserer Anette.

Planen er å gi ut fem til ti bøker i året, dei skal ikkje masseprodusere.

- Dette har vore ekstremt spennande, strålar Anette.

Ho fortel at nokre i familien var overraska då ho kasta seg ut i dette, medan fleire av venene hennar har kommentert:

- Typisk Anette å finne på noko slikt!

Den energifulle og initiativrike jenta frå Skeide er ikkje i tvil, ho stortrivst i jobben sin.

- Eg har ikkje angra éin dag på at eg starta, avrundar den unge forlagssjefen.

Publisert lørdag 14. november 2009 kl. 14:27.